

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf Raknes	FE - 141, PlanID - 2013001, Komnr - 1264, HistSak - 13/149	14/202

Framlegg offentlig høyring og ettersyn - kommuneplan 2016 -27 arealdelen

Vedlegg

Arealplanutkast_ver4L

AFS_versjon_2M

KPL_Føresegner_FL_v2

Planskildring_framlegg_v3

KU1

KU2

KU3

KU4

KU5

KU6

KU7

Framlegg til vedtak:

Framlegg til kommuneplan- arealdel 2016-2027, med tilhøyrande planskildring, føresegner og analyser/utgreiingar, vert lagt ut til offentlig ettersyn og høyring i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

Formannskapet - 030/16 - 17.03.2016

FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Framlegg til kommuneplan- arealdel 2016-2027, med tilhøyrande planskildring, føresegner og analyser/utgreiingar, vert lagt ut til offentlig ettersyn og høyring i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

Kommunestyret - 033/16 - 07.04.2016

KS - behandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Framlegg til kommuneplan- arealdel 2016-2027, med tilhøyrande planskildring, føresegner og analyser/utgreiingar, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

I planstrategien for perioden 2012-15 vart det vedteke å utarbeide ny kommuneplan med samfunnsdel og påfølgande arealdel med planskildring/føresegner. Arbeidet vart starta opp med offentleg høyring og godkjenning av planprogram i 2013. I 2014 vart det utarbeidd ny samfunnsdel samstundes som det vart gjennomført innspelsrunde for den kommande arealplanen. Den nye samfunnsdelen vart endeleg vedteke i kommunestyret 04.02.2015. Etter dette har fokus vore på konsekvensutgreiing (KU) av alle, over hundre, arealinnspel . Dette arbeidet er og tilgjengeleggjort gjennom bruk av www.nordhorlandskart.no . Metoden for handsaming av innspel og KU-prosess vart og presentert på kommuneplankonferansen i 2015. Det er utarbeidd eigen analyse av funksjonell strandsone, denne er tilgjengeleg i eige dokument. Med grunnlag i planprogram, vedteken samfunnsdel, KU og strandsoneanalyse, er det laga heilt nytt framlegg til arealplankart . Kartet er fulldigitalt og i samsvar med gjeldande standard (SOSI 4.5) . Kommunen har sjølv stått for produksjon av det digitale plankartet som og tek med inn tidlegare kommunedelplanar for Fønnes-Kaland-Leirvåg-Litlås området (2010) og Fensfjordplanen (2013). Inkludering og konvertering av desse planane i kommuneplanens arealdel har vore særst utfordrande arbeidskrevjande.

Vurdering

Etter ei tid med handsaming av innspel og analysearbeid samt utarbeiding av nytt plankart er no planframlegget, etter rådmannen si vurdering, klart til å leggest ut til offentleg ettersyn og høyring.

Plandokumenta består av eit digitalt plankart, ei planskildring, føresegner, konsekvensutgreiingar og analyse av funksjonell strandsone. Prosessen fram til planforslag for arealdelen er gjennomført med støtte i digitale kart og internett. Det er lagt vekt på at prosessen skal vera open for ålmenta gjennom bruk av www.nordhordlandskart.no og kommunen si heimeside. Effekten av dette er ikkje evaluert, men etter det ein erfarer har denne løysinga vore ein nyttig informasjonskanal i prosessen.

Eit digitalt plankart er ikkje berre eit kart. Det er no ein datamodell der mykje viktig styrande informasjon er registrert i modellen som eigenskapar til geografiske objekt. Samstundes er datamodellen lagvis oppbygd, sånn at det i tillegg til arealbruk kan leggest over omsynsoner, tekstar

og liner som har innverknad på korleis planen skal lesast/forståast. Det er gjort eit omfattande arbeid med å konvertere Fensfjordplanen (2013) og kommunedelplan Fønnes-Kaland-Leirvåg-Litlås (2010) inn i ny datamodell. Planprogrammet slo fast at begge desse planane var så nye at dei skulle vidareførast slik dei er, i størst mogeleg grad. Dette er no utført slik at all overordna arealbruk er samla i det nye arealplankartet. Det utarbeida plankartet er no utarbeidd på siste datamodellversjon (SOSI 4.5).

Arealbruken i framlegget er basert på den omfattande konsekvensutgreiinga av arealbruksinnspel, strandsoneanalyse og mest mogeleg i samsvar med den vedtekne samfunnsdelen (2015). Gjennom dette grunnlaget er det teke omsyn til både nasjonale og regionale mål for arealbruken. Framlegget har forsøkt å opne opp nokre av dei områda som vart teke ut av gjeldande kommuneplan frå 2006. Dette gjeld spesielt bruken av strandsona og tilgang til sjø i småbåthamner og mindre naustområde. Det er og etablert byggegrense mot sjø i høve til resultatet av analysen for funksjonell strandsone. I mange område er det brukt arealformål LNF spreidd utbygging i kombinasjon med byggegrense. Det er ikkje lagt ut særleg mange nye område for bustader. Grunnen til dette er at det framleis er mykje ferdig regulerte område i kommunen, og samstundes er det rom for meir fortetting og noko spreidd utbygging. Her kan ein merka seg at alle eksisterande reguleringsplanar som framleis skal gjelde, no er markert i kartet med omsynsone/skravur og kvit bakgrunn med påskrivne PlanID. Vurderinga er at det er nok utbyggingsareal for planperioden.

Det er fokusert på næringsareala i Mongstadorrådet. Til dømes er Øksnesmarka i planframlegget disponert til LNF i samsvar med KU-vurderinga for innspel der. Det er sett av areal til offentleg bruk omkring Kaland skule, og det er sett av offentleg areal for utvikling av kommunesentrum og vidare tettstadutvikling. I høve til infrastruktur er det bandlagt areal for mogelege nye vegtrasear gjennom kommunen. Det er og lagt inn gang og sykkelveg langs hovudvegen gjennom kommunen samt nokre sidevegar. I ein del område er det ulik skravering over arealbruksflatane. Dette er omsyn av ulik art. Slike omsyn kan til dømes vera bevaring av naturmiljø, bevaring av kulturmiljø og bandlegging av areal. Rådmannen vurderer at kartet no er klart til å senda ut til offentleg ettersyn og høyring. Vert det oppdaga mindre feil eller liknande kan arealplankartet endrast heilt fram til høyringa startar.

Til plankartet følgjer med ei planskildring som beskriv planen og skal klargjera korleis planen skal forståast. Det er eit mål at skildringa er så kortfatta og presis som mogeleg. Den er og utarbeidd på same grafiske profil som til dømes samfunnsdelen. På denne måten vert planskildringa eit dokument som vert lesbart og som naturleg hører saman med plankartet. Rådmannen vurderer at ei første utgåve av planskildring no kan sendast ut til offentleg ettersyn og høyring. Planskildringa vil kunne reviderast med mindre endringar heilt fram til høyring og ettersyn vert sett i verk. Det skal inn noko meir omkring planomtaledelen.

Til plankartet knytast og føresegner. Dette er generelle føresegner, men og føresegner som er knytt til einskilde arealflatar/typar eller omsynssonar. Her har heile fagmiljøet på plan og byggesak vore med i utarbeidinga. Gjennom dette vonar ein at føresegnene skal verte presise og tenlege som «lovtekst» til plankartet. Føresegnene er viktige i den framtidige bruken av planen, det er difor viktig at desse no vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring. Det er eit mål at føresegnene berre blir føresegner. Det vil seie at føresegnene vert utforma som arealplankartet sin «lovtekst». Ingen andre opplysningar, retningsliner med vidare skal inn her. På den måten vert arealplankartet saman med føresegnene eit tydeleg og godt verkty for sakshandsamar, politikar og innbyggjar. Føresegnene har med reglar for bygging i LNF –spreidd areala som vonleg gjev mindre tal dispensasjonar for små byggetiltak på eksisterande bygnad. Mindre endringar av føresegnene kan gjerast heilt fram til høyring og ettersyn.

Rådmannen legg og ved eit samla KU-dokument (her i seks nummererte vedlegg) og analysen for funksjonell strandsone i samband med offentleg ettersyn og høyring. Desse dokumenta har mykje informasjon som er nyttig i høve til forståing av planframlegget og dei grep som er gjort der.

Rådmannen vurderer at dette grundige underlagsarbeidet gjev at planen står sterkt i høve til det planfaglege.

Framlegg skal ligga ute til offentleg ettersyn og høyring i minst 6 veker. Om denne perioden kjem inn i ferietid bør utviding av høyringsfrist vurderast. Planframlegget må gjerast tilgjengeleg på digital form gjennom internett, dokumenta må leggest fram på sevicetorget. I høyringsperioden bør det haldast opne møte med informasjon om planframlegget.

Konklusjon

Rådmannen rår til at framlegg til kommuneplan- arealdel 2016-2027, med tilhøyrande planskildring, føresegner og analyser/utgreiingar, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.